
Saksnr: 2021/6025-1
Saksbehandlar: Kenth Rune Teigen Måren
Dato: 26.02.2021

Til: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse

Mandat for arbeidsgruppe i arbeidet med å utarbeide plan mot hatkriminalitet og radikaliserings i Vestland

Mål

Vestland fylkeskommune skal utarbeide ein temaplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Vestland, saman med relevante aktørar.

Planen skal sette ei tydeleg retning i arbeidet med førebygging av hatkriminalitet, radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Planen skal vere erfarings- og forskingsbasert og forankra i overordna styringsdokument. Det skal utarbeidast eit utfordringsbilete for Vestland knytt til radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Arbeidsgruppa skal kartlegge behov for tiltak som Vestland fylkeskommune har innanfor dette området, og utarbeide ein handlingsplan for korleis ein skal strukturere arbeidet.

Planen skal definere samarbeid med eksterne samarbeidspartar og innehalde ein modell for koordinering av regionalt forum for samarbeid mellom relevante kommunale, statlege og private aktørar for å

- samordne innsatsen til dei ulike involverte
- informasjonsutveksling
- bidra med vidareutvikling av tiltak, råd og kompetanseheving
- tidsplan for oppstart av arbeidet i Vestland

Handlingsplan

Handlingsplanen beskriv korleis fylkeskommunen skal jobbe med dette førebyggjande arbeidet. Den skal syne konkret kva planar, tiltak og prosjekt ein sett i verk, og korleis ein skal få til god samordning og koordinering mellom ulike instansar og organisasjonar. Planen skal skildre ansvar og samarbeid innanfor feltet, og avgrense mot førebyggjande arbeid på tilgrensande område.

Handlingsplanen skal definere roller, samarbeid og avgrensing mot fylkeskommunalt ansvar for

- trygt og godt skulemiljø, Kapittel 9A
- elevar og lærlingar sine rettar
- negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse
- handlingsplan mot rasisme
- språkopplæring for personar med anna morsmål enn norsk
- læringsmiljø i institusjonar, også fengsel
- arbeidsprosess og medverknad

Arbeidsgruppa skal vere breitt samansett og arbeidet skal bygge på erfaringar, kunnskap, forskning og politiske vedtak. I gruppa skal desse vere representerte:

- avdeling for opplæring og kompetanse
- avdeling for kultur, idrett og inkludering,
- beredskapskoordinator i vlfk
- rektorrepresentant frå vgs

I arbeidet med handlingsplanen vil radikaliseringskontakten i Politi Vest bistå.

Representantar frå opplæringskontor, representantar for elevar og lærlingar og ungdomsutvalet i Vestland vil bli inviterte til medverknad i samband med utarbeiding av strategiar og tiltak.

Arbeidet skal munne ut i tiltak mot utsette og sårbare grupper, elevar og lærlingar som på kort eller lengre sikt kan bli radikaliserert, påverka eller tiltrekt av hat og valdeleg ekstremisme.

Arbeidsgruppa skal levere tidsplan for arbeidet med handlingsplanen.